



**Høyanger** *kommune*  
Tenestemråde oppvekst

# TILBOD

om

# SKULEFRITIDSORDNING



**2018/2019**

## ***TIL FORELDRE/FØRESETTE***

Vi ønskjer med denne brosjyra å gjere deg kjend med tilbodet om skulefritidsordning i kommunen.

Vedtektene til skulefritidsordninga er godkjende av kommunestyret. Vedtektene inneheld opplysningar om føremål, opptaksreglar, oppseiing, foreldrebetaling m.m.

Det kan vere lokale vedtekter ved kvar skule som utfyller dei generelle vedtektene for skulefritidsordninga.

Dersom du har spørsmål, kan du kontakte oss eller skulane (telefonnummer til skulane står bak i brosjyra).

Med helsing  
*Tenesteområde oppvekst*

Stig Engen  
Kommunalsjef  
Tlf 992 19 366/ 57 71 15 62  
[stig.engen@hoyanger.kommune.no](mailto:stig.engen@hoyanger.kommune.no)

Jorunn Flæthe  
konsulent  
Tlf 57 71 15 64  
[jorunn.flaethe@hoyanger.kommune.no](mailto:jorunn.flaethe@hoyanger.kommune.no)

# VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I HØYANGER KOMMUNE

Godkjent av kommunestyret i møte 12.03.2013, sak 11/13

Endringane gjeld frå 01.03.2013

**Heimel: Opplæringslova §§ 13-7, 9a-8 og 10-9  
Forskrift til opplæringslova §§ 12-1e og 15**

## **EIGARFORHOLD**

Høyanger kommune er eigar av skulefritidsordninga og har driftsansvar for tiltaket. Kommunen nyttar eigne lokale og organiserer tilbodet i skulen og/eller barnehage. Rektor har det pedagogiske og administrative ansvaret for drifta. Samarbeidsutvalet og foreldrerådet ved skolen er styringsorgan for SFO.

## **FØREMÅL**

Skulefritidsordninga skal vere eit frivillig pedagogisk tilbod med gode vilkår for lek -, kultur- og fritidsaktivitetar i god omsorg og tilsyn og som del av skulen si samla verksemd .

## **MÅLGRUPPE**

Skulefritidsordninga i Høyanger kommune er eit tilbod for alle barn i 1. – 4. klasse og for barn med funksjonshemmingar i 5. – 7. klasse. Søknad og opphald for funksjonshemma barn gjeld for eitt år.

## **OPPTAKSREGLAR**

### **Ledige plassar - søknad**

Eitt år i skulefritidsordninga samsvarer med skuleåret sin start og slutt. Det er eitt hovudopptak i året. **Søknadsfrist er 15. mars.**

Barn som har plass i skulefritidsordninga treng ikkje søkje på nytt, men skal innan fristen 15. mars gi rektor skriftleg melding om at barnet vil nytte plassen også neste skuleår. Dersom barnet/eleven bytter skule, skal det søkjast om plass ved SFO ved den nye skulen.

Funksjonshemma barn som har nytte av opphald i skulefritidsordninga skal prioriterast.

### **Opptak**

I Høyanger kommune er ansvar for opptak av barn i skulefritidsordninga lagt til kvar skule.

- Rektor ved skulen gjer opptak
- Klage på opptak skal sendast skulen v/ rektor.
- Formannskapet er klageorgan.

Det er høve til å søke om plass i SFO gjennom heile året, og søknaden blir handsama straks. Dei som søkjer får elektronisk stadfesting på at søknaden er motteken. Det blir sendt ut skriftleg melding ved tildeling av plass.

### **Ekstra ferietilbod**

Kommunen tilbyr ekstra ferietilbod frå siste skuledag og til sommarstenging. Tilsvarande ekstra ferietilbod kan organiserast frå ca 1. august (etter sommarstenging) og fram til første skuledag.

Kommunen tilbyr også ekstra ferietilbod i haust og vinterferie.

Det skal søkjast ekstra for bruk av desse tilboda. Det skal betalast særskilt for det opphaldet som er tinga. Særskilde søknadsfristar skal følgjast for ferietilboda.

**Søknadsfrist sommartilbod : 15. mai**

**Søknadsfrist haust/vinterferie: 1. september / 15. januar**

## OPPSEIING

1. Barn, opptekne i skulefritidsordninga, skal betalast for ut skuleåret.
2. Oppseiingstid er ein måned. Oppseiinga skal gjerast elektronisk, innan den 1. eller 15. i månaden.
3. Andre årsaker kan etter søknad, gi grunn til fritak for foreldrebetaling for deler av skuleåret. Skriftleg søknad sendast Høyanger kommune.

## FORELDREBETALING

Kommunestyret fastset betalingsssatsar og storleik på søskenmoderasjon som blir gitt for barn nr 2 – 3 – 4, høvesvis 25% - 40% - 50%. (Dersom søsken går i barnehage og/eller i SFO, skal det betalast fullt for den plassen som er dyrast).

For ferietilbod blir det fastsett ein dagsats. Det er ikkje søskenmoderasjon på denne satsen.

Betalingsssatsane gjeld til vanleg budsjettåret og foreldrebetalinga kan endrast i løpet av eit skuleår.

Foreldrebetaling blir kravd i 11 månader per år. Betalingsfri måned er juli.

Betaling skjer forskotsvis til økonomiavdelinga i Høyanger kommune per 20. kvar måned.

Ekstra ferietilbod blir fakturert den månaden tilbodet brukast.

Dersom foreldrebetaling har stått til forfall ein måned etter første betalingsvarsel, blir barnet oppsagt frå plassen. Når kommunen seier opp plassen, gjeld oppseiinga straks.

Rådmannen kan i særskilte høve fråvike reglane etter søknad.

Det er høve til å kjøpe ekstra time- og dagplass, dersom det er ledig kapasitet.

## KOMPETANSEBYGGING/PLANLEGGING

Personalet i skulefritidsordninga skal delta i planlegging av skule- og SFO-året og følgje kurs som skuleleiinga meiner er tiltak som hevar kvaliteten på arbeidet og tilbodet som barna får i SFO.

Personalet skal ha fem planleggingsdagar i skuleåret, og dagane er lagt til skulefrie dagar.

Desse planleggingsdagane er SFO-tilbodet stengt for brukarane.

## DAGLEG OPPHALDSTID OG ÅRLEG OPNINGSTID

Skulefritidsordninga følgjer skuleåret og er open alle yrkedagar.

I desember held SFO oppe frå siste skuledag til og med 23. desember.

SFO held stengt dagane mellom palmesøndag og skjærtorsdag og 4 veker i juli (heile veker).

## Ekstra ferietilbod

Tilbodet kan driftast i haust- og vinterferie, etter siste skuledag til sommarstenging og frå ca 1. august (etter sommarstenging) og fram til skulestart, under føresetnad av:

- Høyanger skule: brukartal må vere minimum 5
- Dei andre skulane: lokale tilpassingar i lag med barnehagane

Dagleg opningstid er frå kl 06.30 til kl 16.15. Det er høve til lokale tilpassingar.

\*\*\*\*\*

**Søknad om plass, endring eller oppseiing skal gjerast elektronisk via heimesida vår: [www.hoyanger.kommune.no](http://www.hoyanger.kommune.no)**

***Endring av plass, oppseiing og endring av adresse m.m. må gjerast ved å logge på «Min side» i føresetteportalen.***

Dersom du treng hjelp kontakt skulen eller oppvekstkontoret 57711564.

## Foreldrebetaling

Betalingssatsar pr. mnd

(sist endra 01.01.2018)

1/1 plass	kr 2 085 pr mnd
½ plass (inntil 14 t/v)	kr 1 330 pr mnd
Inntil 8 timar for veka	kr 755 pr mnd
Dagplass	kr 200
Pris pr time	kr 60

Tek atterhald om endring i løpet av skoleåret.

Betalinga tilsvarear ti månader opningstid (skulestart-skuleslutt) og er lagt over 11 månader (aug-juni), med betalingsfri månad i juli.

Borna må hentast før stengetid eller til avtala tid, dersom det ikkje blir gjort, kan det medføre ekstra rekning. (Info får ein hos skulen/dagleg leiar)

*Berre ved Høyanger skule*

+ Matpengar (frukt, m.m.): kr 30 pr. mnd

## Søskenmoderasjon

Dersom søsken går i barnehage og/eller i skolefritidsordning, skal det betalast fullt for den plassen som er dyrast.

Moderasjon gjeld for heildags- og korttidsbarnehagar, og for skolefritidsordninga.

- Barn nr. 2 – 25 % reduksjon i foreldrebetalinga.
- Barn nr. 3 – 40 % reduksjon i foreldrebetalinga.
- Barn nr. 4 – 50 % reduksjon i foreldrebetalinga

Ved kjøp av dagplass utløyser det ikkje søskenmoderasjon.

**Vi tek atterhald om endring i løpet av skoleåret.**

## Bemanning og leing

Rektor er fagleg og administrativ ansvarleg for skolefritidsordninga ved skulen. Dagleg leing kan vere/er delegert til avdelingsleiar/dagleg leiar.

Kommunestyret vedtok i K-sak 03/27 "Bemanning i skolefritidsordninga - Høyanger kommune":

0 - 12 barn	: Avdelingsleiar
13 - 25 barn	: Avdelingsleiar + ein assistent
26 - 45 barn	: Avdelingsleiar og to assistentar

Over 45 barn utløyser ny avdeling med samme opptrapping

\*\*\*\*\*

## Informasjon om redusert plass i SFO

SFO har opningstid slik:

kvar dag i skuleåret: kl 06.30 - 08.15 og frå kl 12.15/13.00/14.00 - 16.15.  
i skuleferiar: kl 06.30 - kl 16.15, eller etter behov.

Ordninga med halv plass gjeld t.o.m. 14 timar/veka, og korleis desse timane skal nyttast avtalast mellom brukar og SFO. (Før/etter skuletid, evt begge deler). Dette gjeld også for plass inntil 8 t/v.

Alle med SFO plass kan nytte ferietilbodet og kjøpe dagplass/timar.

## Endring av plass-storleik i SFO

Ved endring av plass-storleik i SFO (frå 1/1 til ½ eller 8 t/v og ved auke av plass), vil dette gjelde frå den 1. eller 15. i månaden etterpå. Ved spesielle høve kan endring gjelde frå annan dato.

## **Alle skolane våre har tilbod om skulefritidsordning:**

### **Høyanger skulefritidsordning**

Konstituert rektor: Odd Willy Knudsen  
Dagleg leiar: Anita Sæle  
Wilh. Buggesgate 6  
Postboks 74  
6991 HØYANGER  
Tlf 992 19 359 (1. kl)  
Tlf 992 19 378 (2.-4. kl)  
Tlf 57 71 00 00

kl. 06.30 - kl. 16.15

### **Kyrkjebø skulefritidsordning**

Rektor: Bjørn Berge  
Dagleg leiar: Therese Berge Søreide  
Furevegen 1  
6995 KYRKJEBØ - Tlf. 57 70 75 80

kl. 06.30 - kl. 16.15

### **Vadheim skulefritidsordning**

Rektor: Åge Sagen  
6996 VADHEIM - Tlf. 57 71 09 10

kl. 06.30 - kl. 16.15

### **Bjordal skulefritidsordning**

Rektor: Kjerstin Solend  
Dagleg leiar: Teresa Anna Førde  
5962 BJORDAL – TLF. 57714270 eller barnehagen 57714277

kl. 07.30 – kl. 16.15

### **Lavik skulefritidsordning**

Rektor: Hildegunn Hatlem  
6947 LAVIK – Tlf. 57714080

kl. 06.45 – kl 16.15